

Kvinnherad idrettsråd



Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Referat frå styremøte 14.04.2015

Rådhuset, Rosendal kl. 18.00 – 20.15

Møtt: Gunnar Våge, Anna Prestnes, Stein Bjørkelund, Bjarte Solheim, Dagfinn Gjerde, Anbjørn Høivik.

Forfall: Henriette Seim.

Vara (ikkje møtt): Anton Sjursen, Ingvar Hølland.

1. Konstituering av styret

Dette var første styremøte etter årsmøtet 2015. I etterkant av årsmøtet vart det stilt spørsmål kring lovlegheita av valet. Styret drøfta saka og gikk gjennom bakgrunnen for den, samt den kommunikasjonen som har vore med Hordaland idrettskrins og valkomiteen i ettertid. Styret konkluderte med at valet var lovleg og gjeldande. Etter ein lang og grundig diskusjon om roller var styret samde om ein modell der det vert lagt opp til utstrakt delegasjon og fordeling av ansvar i kollegiet. Alle må difor rekne med å ta del i oppgåver som til vanleg ville liggje til leiaren. Etter dette konstituerte styret seg slik:

Leiar: Anbjørn Høivik

Nestleiar: Steinar Bjørkelund

Skrivar: Henriette Seim vert førespurd (Ansvar: Gunnar)

Kasserar: Gunnar Våge

Styremedlemer: Anna Prestnes, Bjarte Solheim og Dagfinn Gjerde.

Varamedlemer: Ingvar Hølland og Anton Sjursen

Leiar kallar inn vara til styremøta om fast(e) medlem(er) melder forfall.

Styret drøfta kandidatar til ny valkomite og Gunnar førespør dei før neste møte.

Det var full semje om vedtaka som vart gjort ved konsensus og utan avstemming.

2. Ymse

Bankkonto

Idrettsrådet er ikkje registrert i Brønnøysundregistra. Gunnar undersøker om dette bør gjerast mtp.

registrering av bankkontoen på rådet, eller om ordninga med personleg tilknytning for kasseraren skal halda fram.

KlubbAdmin

Kurs på Husnes 21. april 18.00 i Trio huset. Steinar møter for idrettsrådet.

Idrettsrådundersøkelsen 2015

Anbjørn svarar for KIR.

Fordeling av lokale aktivitetsmidlar (LAM)

Gunnar tek hovudansvar for dette i 2015.

Heimeside

Dagfinn orienterte om tilbud frå iDrift om hosting, publiseringsverktøy mm. Kostnaden vert 12.500,- i etablering og ca. 5.000,- i årlege driftskostnader. Idrettsrådet vedtok samrøystes å gå for denne løysinga. Dagfinn gjer avtale med iDrift. Anna tek hovudansvar for utforming, oppsett og domenenamn. Domenenamn takast opp som sak i neste møte.

Mindreårige utøvarar med lita betalingsevne

Idrettsrådet ønskjer å ta tak i problematikken knytt til kostnadar for barn som vil delta i idretten, men der familien ikkje har økonomisk eller kulturell kapital til å støtta opp på vanleg måte. Styret drøfta egne erfaringar og løysingar frå dei respektive idrettslaga. Dette temaet vert følgt opp i seinare møte i KIR. Kvinnherad kommune skal dei komande åra kartlegga barnefattigdom og samordna tiltak for dette. Idrettsrådet kan vere ein samarbeidspartner i den samanhengen.

Oversikt over idrettslaga

Dagfinn tek ansvar for oppdatert medlems-/lagoversikt, epostadresser o.l. og koordinerer dette med Hordaland idrettskrins.

Søkekurs for idrettslaga

Saka vert teke opp på neste møte.

Budsjett

Gunnar lagar budsjettframlegg for 2015 til neste møte.

Vedtekter

Idrettsrådet er utan egne vedtekter. I løpet av året vil styret utarbeida eit framlegg til vedtekter som skal leggjast fram for årsmøtet 2016. Prosess for dette vert sak på neste møte.

Neste møte

Neste styremøte vert **tysdag 19. mai kl. 18.00** i kommunestyresalen på rådhuset.

Ref. Anbjørn Høivik,
14.04.2015

Kopi av referatet vert sendt til Hordaland idrettskrins v/Anne-Kristine Aas og Knut Songve.